

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1986

40. årgang

NYÅRSHELING TIL EIN VEN


Nyårsklokka ringer for ein dag som er forbi.
Ringer for eit ubrukt år med gråt og glede i.
Kveik ein kyndel, venen min, så går vi ut og lyser.
Sjølv ein liten eld kan være hjelp for den som fryser.

Kom og rett meg handa, vi er begge like små.
Hard og ofte kronglet er den vegen vi skal gå.
Redselen og kulden gjer oss einslege og arme.
Hender som er kjærlege kan gjere hjarto varme.

Kvar sin gong å snuble og få mein og hjartesår.
Kvar sin gong å hjelpe når ein ven eit feilsteg trår.
Kvar sin gong å trasse oss mot vinden til han lognar.
Betre mjuk og vår enn den som brest, men aldri bognar.

Nyårsklokka ringer for ein ny og ubrukt dag.
Alt for fort går tida, lat oss nytte den i lag.
Sol skal atter stige, under snøen spirer brydder.
Gråt og glede, venen min, er livsens beste krydder.

Marie Lovise Widnes



NO GÅR ALT SÅ MYKJE BETRE!

Ikkje fordi at alle problem er borte.
Men fordi me har fått hjelp til å gå
gjennom dei. Ikkje fordi det ikkje finst
sjukdom og død lenger, men fordi Jesus
hjelper oss gjennom.

Eg tenkjer på noko som eg opplevde for
mange, mange år sidan. Det var ein mann
i yrkesaktiv alder som hadde fått kreft,
og det var inga von om å ta knekken på
sjukdomen. Mannen hadde levt langt borte
frå Gud, men ei dotter hans hadde døytt
sæl i Jesu namn. No hadde han fått ei
lita von om å få døy på same måten.

Men det er ikkje så lett å finna fram
til trua når ein har levt eit gudlaust
liv. "Dei gudause har ingen fred,"
seier Skrifta (Jes. 48,22), og det måtte
han oppleva. Men han gav seg ikkje med
å søkja Gud, og til slutt fekk han tru.
Eg gløymer ikkje korleis den uttørde
mannen låg der og nesta hendene over hov-
udet og prisa Gud med stor kraft.

"Då Herren vende Sions lagnad, var det
for oss som ein draum," seier den 126.
salmen. "Då fyltest vår munn med lätt,
vår tunge med fagnadrop." Dette er ikkje
prat, det er realitetar. Det er difor alt
går så mykje betre.

"Vend vår lagnad, Herre, som bekkene i
Negev!" står det lenger nede i den 126.
salmen. Han veit kva han bed om. I



Negev-øydemarka er det mange turre elve-
far. Men når regntida kjem, fossar det i
dei av livskraftig vatn, det buldrar og
bryt. Rundt ikring spirer og veks det,
gjev fantastisk frukt.

Dette skal me få be om, i vårt eige liv,
og i andre sitt. Også i dag er det ein
herlegdom av liv i Kristi kyrkje på jord.
Det blir heilt annleis for den som om-
vender seg og trur. Det skjer med ung
og gamal i dag og.

"Vårt sinn er fylt med glede,
i hjertet lyder sang."

"Kom, la oss gå og hente
- i kirkens høye kor -
den kraft vi har i vente
ved Herrens nattverdbord."
(Norsk Salmebok nr. 652)

Olav Fjose

Ein skikkeleg fest ...

★★★★★★★★★★★★★★★★

skal det no endeleg bli, for å ynskja
dei to nye prestane våre velkomne.
Søndag 16. februar vert det gudstenester
i Dale og Vaksdal kyrkjer kl. 11.00.
Frå båe plassar vert det sett opp
bussar etter gudstenesta. Bussane tek
alle som vil, med til Stanghelle Bede-
hus. Når alle er samla, tek festen til.
Ein reknar med at det blir omlag
kl.13.00. Sjølv sagt er folk frå alle
kyrkjelydane våre hjarteleg velkomne.
SÅ - MØT OPP OG GJE INGE CHRISTIAN
OG KJELL ARNE EIN VERDIG VELKOMST!



HUSK FASTEAKSJONEN!



Fasteaksjonen «Brød for verden» er blitt en
god tradisjon. Målet er at alle landets hus-
stander får tilsendt fastebøsse. I tiden fram-
til påske legger man på sine daglige bidrag.
Vær med og hold en god tradisjon ved like.

KIRKENS NØDHJELP
Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3. Tlf. (02) 46 39 70
Postgiror. 5 20 14 05. Bankgiror. 6046.30.09530

Bønn

Jeg ba Gud om styrke for fritt å kunne
virke. Jeg ble gitt svakhet for å lære yd-
mykt å lyde.

Jeg ba om helse for å gjøre store ting.
Jeg ble gitt sykdom for å gjøre bedre ting.

Jeg ba om rikdom for å bli lykkelig.
Jeg ble gitt fattigdom for å bli vis.

Jeg ba om alt som gir glede i livet. Jeg
ble gitt livet, så jeg kunne gledes ved alt.

Jeg fikk intet av det jeg ba om, men alt
jeg hadde håpet på.

Nesten til tross for meg selv ble mine
uttalte bønner besvart.

Av alle mennesker er jeg den mest vel-
signede.

(Ukjent hollandsk soldat)



Gi livet
en sjanse

Postgiro 5 20 09 02
Bankgiro 6029.63.25050

KIRKENS NØDHJELP
Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

Veit du at....

- * Kirkens Nødhjelp i år gjennomfører
fasteaksjonen "Brød for verda"
for 19. gong?
- * Menneske i meir enn 60 land fekk ei
ny framtid gjennom det arbeidet
Kirkens Nødhjelp gjorde i året som
gjekk?
- * Kirkens Nødhjelp i 1985 gav hjelp for
omlag 300 millionar kroner til hjelpe-
trengjande i Afrika, Asia og Latin-
Amerika?
- * Utgiftene til administrasjon og infor-
masjon berre var 6% av dei samla ut-
giftene til Kirkens Nødhjelp i fjor?



BARNESIDE



ALLE MÅ FÅ GREIE PÅ DET

Det var ein gut som heitte Hans. Hans gjekk på søndagsskulen, og der fekk han høyra om Jesus. Ein dag kom han i full fart til mora og sa: "Eg skulle ønskje eg hadde ein kjempestor luftballong. Då skulle eg tatt Per og Mari med meg og reist over heile jorda. Då skulle eg ropt ut til alle menneske. Du skjønner det mor, at alle må få greie på det.

Mora lurte på kva som var så viktig at alle menneske på heile jorda måtte få høyra det. Hans vart forundra over at mora ikkje visste det.

På søndagsskulen hadde Hans fått høyrte om at alle må få høyra om Jesus, og at det er mange menneske som ikkje veit kven Jesus er. "Tenk om eg hadde hatt ein kjempeluftballong, då skulle eg ha sigla rundt heile jorda og ropt ned: "Hallo alle saman, Jesus er glad i dykk. No må de tru på han".

Hans var så tendt. Han hadde så lyst at alle måtte få høyra om Jesus og det Han har gjort for oss.

Jesus har bedt oss om å fortelja om han til alle menneske: "Gå ut i all verda og kunngjer evangeliet for alle menneske", sa Jesus. (Mark.16,15)

Jesus er glad i alle. Han er heile verda sin Frelsar. Han døydde for alle. Derfor ønskjer han at alle menneske må få høyra om han. Til denne oppgåva har Jesus bruk for dei som trur på han. Vi treng ingen luftballong. Jesus har bruk for deg der du er kvar dag.

"Gutar og jenter høyr Frelsarens ord(2x)
Høyr evangeliet, tru evangeliet,
bring evangeliet ut over jord".

Hei!

Kor mange bibelske namn
finn du? Du får
leita loddrett og vannrett.

(Det er 17 namn skjult her.)

Teikninga kan du fargeleggyja.

Lukke til!

Reidun Skurtveit.

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| R | M | B | P | A | U | L | U | S |
| J | O | S | E | F | S | A | R | A |
| A | S | I | T | O | M | A | S | V |
| K | E | M | E | V | A | O | M | D |
| O | S | O | R | M | A | R | T | A |
| B | E | N | J | A | M | I | N | N |
| R | A | N | D | R | E | A | S | I |
| U | F | K | A | I | N | O | B | E |
| T | E | H | D | A | V | I | D | L |



Soknebod



Ikkje alle er i stand til å koma i kyrkja, sjølv om dei gjerne vil. Vi vil gjerne gje ei særskild understreking av at vi kjem med nattverd til dei som ynskjer det. Men vi er avhengige av at de seier frå til oss. Ikkje ver redde for å ta kontakt om dette - det er ei av våre viktigaste oppgaver.

Helsing prestane

Kyrkjelyden syng - Vaksdal kyrkje

Den 21. februar kl. 19.00 tek vi for oss den nye salmeboka.

Kyrkjekoret, Fides og Michelsen deltek med song og musikk.

Det vert andakt, samt kollekt til orgelfondet.

Og framfor alt: Vi skal alle synge saman frå salmeboka.

Vel møtt!

Open samtalegruppe

Neste samling vert i Stamnes Bedehus, 2. etg. måndag 3. mars, kl.19.30

Kjell Arne Norum held bibeltimar på Stamnes og Vaksdal

STAMNES BEDEHUS

12. febr. kl.19.30 - 21.00:

Bibeltime med samtale:

Omsorg (i ord)

26. febr. kl.19.30 - 21.00:

Bibeltime med samtale:

Omsorg (i handling)

VAKSDAL BEDEHUS

27. febr. kl.19.30 - 21.00:

Bibeltime med samtale:

Læking ved bøn.



Herre,
kven skulle vi
gå til?
Du har det
evige livs
ord,

og vi
trur og veit
at du er
Den Heilage
frå Gud

Petter Skauen:

Andlet til andlet med katastrofane

— Når ein står andlet til andlet med katastrofen er det godt å veta at ein er ein del av ein større samanheng. Vissa om at nokon står bak, gjev kraft, seier Petter Skauen, leiar for det arbeidet Kirkens Nødhjelp driv i Latin-Amerika.

Det siste året har han fleire gonger bokstaveleg talt vorte kasta ut i katastrofearbeid. Første gongen var etter jordskjelvet i Mexico. Eit par månader seinare var han på rundreis i Mellom-Amerika. Brått måtte reiseruta leggjast om. Ofra for vulkanutbrotet i Colombia trong full innsats.

Alt lagt til rette

— Ein må vera førebudd på det uventa heile tida. Det er ein del av livet som hjelpearbeidar. Men det er rart korleis ein stadig opplever at ting vert lagt til rette. Fem minuttar etter at eg kom til flyplassen i Bogota, hovudstaden i Colombia, møtte eg ein prest som eg hadde håpt og bede om at eg måtte treffa, held Petter Skauen fram.

Hjelp til overlevande

No når vulkanutbrotet i Colombia er i ferd med å verta historie, må ein ikkje gløyma dei som overlevde. Dei treng framleis hjelp, mellom anna til attreisning av bustader. Kirkens Nødhjelp vil samarbeida med lokale lutherske kyrkjer om dette arbeidet.

— Hugs at dei som overlevde har vore gjennom ei forferdeleg tid. Mange har mist dei nærmaste, saman med alt dei åtte. Derfor



Vi må ikkje gløyma dei som overlevde vulkanutbrotet i Colombia. Dei treng framleis hjelp, mellom anna til attreisning av bustader.

er det viktig at dei får koma i gang med positivt byggjande arbeid så snart som råd, sier Petter Skauen.

Foreldreause barn

— Kva med dei mange barna som miste foreldra sine?

— Dei vil vi også freista å hjelpa, men førebels er det ikkje avgjort korleis hjelpa skal

verta. I Latin-Amerika er det sterk solidaritet blant folk. Det er ofte vanleg at nabofamiliar tek seg av foreldreause barn. For oss kan det verta aktuelt å stø slik lokal adopsjon, eller å gje støtte til barneheimar.

Fattige og rike

Vulkanutbrotet frå Nevado del Ruiz råka både fattige og rike. Dei veldige lavastruamane øydela solide hus, og trailerar stod fast

i leira. Jordskjelvet i Mexico var annleis. Der hende det som så ofte hender. Dei fattigaste miste det vesle dei hadde og stod heilt ribba etterpå.

Nye utfordringar

Kirkens Nødhjelp vert stadig stilt overfor nye utfordringar. Skal ein makta desse trengst det fleire pengar. I desse dagar gjennomfører norske kyrkjelydar den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Ved å stø den hjelper du organisasjonen å hjelpa nye menneske som treng hjelp.

Ny giv for Fasteaksjonen

— Vi opplever no at det er ein ny giv for fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Mest kvar dag får vi meldingar om nye kyrkjelydar som planlegg dør-til-dør aksjonar, seier fasteaksjonskonsulent Dag Arne Røum. Optimist som han er, håpar han at talet i år vert over 300.

Dette målet er slett ikkje utopisk. I 1985 vart det gjennomført dør-til-dør aksjonar i 245 kyrkjelydar. — Før november var omme hadde vi fått melding om at det allereie er planlagt 20. På same tid i fjor visste vi ikkje om meir enn 3-4, og i 1984 var totaltalet 20, held Dag Arne Røum fram.

Konfirmantane kjem

Han seier vidare at stadig fleire kyrkjelydar dreg konfirmantane inn i Fasteaksjonen. Dei er med og går frå dør til dør og samlar inn fastebøsser. Konfirmantane opplever dette som ein svært meningsfull del av konfirmasjonsførebuinga.



Bruk pengene der de trengs

Postgiro 5 20 09 02
Bankgiro 6029.63.25050

KIRKENS NØDHJELP

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

Å GJERA DOBBELT

IMOT GUDS VILJE

Verda og hennar lyst forgår, men den som gjer Guds vilje vert verande til evig tid. 1.Joh.2,17.

Guds vilje er vidfemnande. Me har lovene og boda i Det gamle testamentet som viser oss Guds vilje. Og sameleis Jesu bod. For når Jesus vart forklåra på fjellet, kom der ei sky og utor den skya ei røyst (Guds røyst) som sa: Dette er Son min som eg elskar, som eg har hugnad i. Høyr på han!

Dette visar at det er Guds vilje at me skal høyra på Jesu bod.

Sameleis er det Jesu vilje at me skal høyre på Guds bod. For han seier: "På Mose stol sit dei skriftlærde og farisearane. Alt det dei seier lyt de gjera og halda." Det vil seia Guds bod, som dei skriftlærde skulla læra, for di dei sat på Mose stol. Men Guds vilje går endå lenger enn dette. Gud kjem med bod til dei som har gjort imot boda og lovene. Det vert bod frå han at dei skal venda om.

Den bortkomne sonen gjorde imot guds vilje når han gjekk bort i syndelivet. Men han gjorde etter Guds vilje når han vende om til Gud. Og Gud såg han alt medan han var



Langt borte, kom han imøte, tok han om halsen og kysste han. Han hadde tenkt å beda om å få vera som ein leigekar hjå faren. Men så langt kom han ikkje. Desse orda drukna i faren sitt kyss.

Du som les dette, og har gått borte frå Gud, du skal vita at du gjer dobbelt imot Guds vilje, om du ikkje kjem tilbake til Gud.

Kom tilbake til Gud og vår Herre og Frelsar, då gjer du Guds vilje. Og då vert orda som Jesus seier i Matt.7,21 "dei som gjer det Far min i himmelen vil, skal koma inn i himmelriket" oppfylt på deg.

Kom ved bøn og påkalling og ved å høyra Guds ord. Og ved å gå bort frå synda.


Håkon Helle

Å, de penga....

Vi er leie for at innkoma av bladpengar svikta ein god del i fjor. Vi er difor nøydd til å setja opp bladpengane for 1986 til kr.45,-

Du finn ein innbetalingsblankett i dette nummeret. Som du ser er det og høve til å gje ei gåve til bladet. Vi vonar at mange nyttar seg av talongen, slik at ikkje pengemangel gjer at bladet må koma ut med færre, og kanhende mindre, nummer.

Lat oss håpa på eit godt nytt år, - med eit levedyktig kyrkjeblad!



Kasserarskifte

Etter 15 års teneste som kasserar, under 6 ulike bladstyrarar, har no Ragnar Trohjøll sagt frå seg denne jobben.

Vi vil seia mange takk for lang og tru teneste!

Samstundes vil vi ynskja den nye kasseraren, Asle Georg Karlsen, lukke til!

ToMaN

| Rekneskapsamandrag for KYRKJEBLADET 1985 | | | |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|
| | 1985 | 1984 | |
| Inntekter: | | | |
| Bladpengar | 27710,00 | 27370,00 | |
| Tilskot kommunen | 2250,00 | - | |
| Tilskot sokneråda | 2900,00 | - | |
| Rente | 177,79 | 194,86 | |
| Utgifter: | | | |
| Prenting | 29545,60 | 26346,95 | |
| Godtgjursle kasserar | 1000,00 | 400,00 | |
| Rekvizita / Foto | 1019,50 | | |
| Repar.skrivemaskin | 1851,60 | | |
| | <u>33037,79</u> | <u>33416,70</u> | <u>27564,86</u> |
| Overskot 1984 | | | 817,91 |
| Underskot 1985 | <u>378,91</u> | | |
| | <u>33416,70</u> | <u>33416,70</u> | <u>27564,86</u> |

| | | |
|-------------|----------------|----------------|
| Eiga: | 1/1-86 | 1/1-85 |
| Kasse | 885,00 | 367,00 |
| Postgiro | 51,50 | 870,20 |
| Bank | 562,69 | 688,39 |
| Reservefond | <u>680,79</u> | <u>633,30</u> |
| | 2179,98 | 2558,89 |
| Balanse | <u>378,91</u> | |
| | <u>2558,91</u> | <u>2558,89</u> |

| Bladpengane fordelte: | | | | |
|-----------------------|----------------|-----------|----------------|-----------|
| | 1985 | % | 1984 | % |
| Dale | 10245,00 | 31 | 10825,00 | 39 |
| Vaksdal | 7755,- | 48 | 7320,- | 53 |
| Stammes | 5575,- | 47 | 5145,- | 51 |
| Bergsdalen | 665,- | 63 | 570,- | 63 |
| Flatekval | 560,- | 46 | 600,- | 59 |
| Nesheim | 760,- | 68 | 830,- | 84 |
| Utanbygds | 2150,- | 53 | 2080,- | 60 |
| | <u>27710,-</u> | <u>39</u> | <u>27370,-</u> | <u>46</u> |

| | | |
|------------|-------------------|-------------------------------------|
| 2050 uts. | | |
| 792 betalt | | 912 betalt |
| Gammersvik | <u>31/12-1985</u> | |
| | 5/1 -1986 | Ragnar Trohjøll kasserar (sign.) |



Primstav frå Bysheim, Hosanger, dat. 1655. vintersida, lesast frå høgre mot venstre

Peter stol

kallast dagen den 22. februar.

Nemninga skriv seg frå katolsk tid. Då vart denne dagen høgtida til minne om at Peter vart overhovud for den kristne kyrkja. Som kyrkjeleg høgtidsdag har den ingen plass hos oss no lenger.

Men folk imellom lever denne dagen enno. Det er fyrste vårdagen. Hardaste vinteren er over, no går det mot lysare og varmare tider.

Frå no av tiner jorda nedanfrå. Ein kan og sjå at snøen brånar kring steinane. Og dette er truleg opphavet til ei anna utbreidd nemning på denne dagen:

Per varmstein.

Symbolet på primstaven var oftast det vanlege teiknet for Peter, nemleg ein nøkkel. På denne staven frå Hosanger finn vi Peter stol ved symbol nr. 7 rekna frå venstre - ein nøkkel.

ToMaN

Frå kyrkjebøkene

Døypte



VAKSDAL

26.01. Aina Cecilie Moe
26.01. Odd André Boge

STAMNES

26.12.85 Jonas Simmenes

BERGSDALEN

01.12. Jan-Eirik Småbregke

Avlidne



VAKSDAL

24.11.85 Thomas Johnsen f. 1901
25.11.85 John Albertsen f. 1905
13.12.85 Judith Johnsen f. 1913
07.01.86 Johannes Oliver Fossdal f. 1904
08.01.86 Sigvald Johan Farestveit f. 1912

DALE

28.12.85 Agnes Aronsen f. 1900
18.01.86 Ingfrid Nancy Reigstad f. 1924
22.01.86 Martin Reigstad f. 1925
22.01.86 Maria Skjerveggen f. 1914

STAMNES

29.11.85 Ingebjørg Moe f. 1889
30.11.85 Brita Holme f. 1907

GUDSTENESTER I VAKSDAL VÅR 1986

| mnd. dag | STANGHELLE | DALE | VAKSDAL | STAMNES | EIDSLAND | EKSINGE-DALEN | NESHEIM | BERGSDALEN |
|----------|------------|------------------------------------|-----------------------|----------------------|----------------------|---------------|----------------------|------------------------------------|
| feb. 2 | | Fam.guds kl.11.00. M | | | kl.11.00 N | | | |
| " 9 | | | | Fam.guds kl.11.00 M | | | kl.11.00 N | |
| " 16 | | kl.11.00 N | kl.11.00 M | | | | | |
| " 23 | | | | | kl.17.00 N | | | kl.11.00 N |
| mars 2 | | | kl.18.00 N | kl.11.00 N | | kl.11.00 M | | |
| " 9 | | kl.11.00 M | | | | | kl.11.00 N | |
| " 16 | | | kl.11.00 M | | | | | |
| " 23 | | | | Fam.guds. kl.18.00 M | | | Fam.guds kl.11.00 M | Sports guds. kl.11.00 N kl.11.00 M |
| " 27 | | kl.11.00 N | | | kl.17.00 N | | | |
| " 28 | kl.17.00 N | | kl.11.00 N | | | kl.11.00 M | | |
| " 30 | | kl.11.00 M | kl.11.00 N | | | | ? | ? |
| " 31 | | | | kl.11.00 N | kl.11.00 M | | | |
| april 6 | | | kl.11.00 M | | | kl.11.00 N | | |
| " 13 | | kl.19.00 N | | kl.11.00 N | | | | |
| " 20 | | | kl.18.00 M | | | | kl.11.00 N | kl.11.00 M |
| " 27 | | kl.11.00 M | | | | | | |
| mai 1 | | kl. N | kl. M | | | | | |
| " 4 | | konf.guds kl.11.00 M | konf.guds. kl.11.00 N | | | | | |
| " 8 | | VASS-BÅKKENSTEMNA I STAMNES N og M | | | | | | |
| " 11 | | | | konf.guds kl.11.00 N | konf.guds kl.11.00 M | | | |
| " 17 | | kl. M | kl. N | kl. M | kl. N | | | |
| " 18 | | kl.11.00 N | | | | kl.11.00 M | | |
| " 19 | | | kl.11.00 M | | | | | kl.11.00 N |
| " 25 | | | | | | | konf.guds kl.11.00 N | konf.guds kl.11.00 M |
| juni 1 | | kl.19.00 M | | kl.18.00 N | | | | |
| " 8 | kl.17.00 M | | kl.11.00 N | | | | | |
| " 15 | | | | | kl.11.00 M | kl.11.00 N | | |

M = Meidell

N = Norum

Vigde



DALE

Johnny Sellevol og Elin Kvamme
(vigde Nordhordland Sorenkrivar-embete)

VELKOMEN TIL KYRKJE

16. feb. - 1. søndag i faste

DALE kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

VAKSDAL kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd.

Offer til IKO og Hjemmenes dåpsring.

23. feb. - 2. søndag i faste

BERGSDALEN kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

Offer til Bjørgvin bispedømmeråd.

EIDSLANDET kl. 17.00 v/rk. Norum. Natt-

verd. Offer til ungdomskoret "Key"

2. mars - 3. søndag i faste

VAKSDAL kl. 18.00 v/rk. Norum.

STAMNES kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

Offer til jubileumsbok for Stamnes kyrkje.

EKSINGEDALEN kl. 11.00 v/sp. Meidell.

Nattverd. Offer til Samemisjonen.

9. mars - 4. søndag i faste

DALE kl. 11.00 v/sp. Meidell.

NESHEIM kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

Offer til Leirstaden Fagertun.

16. mars - Maria budskapsdag

VAKSDAL kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp, fastebøssene.

23. mars - Palmesøndag

STAMNES kl. 18.00 Fam. gudst. v/sp. Meidell.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

NESHEIM kl. 11.00 Fam. gudst. v/sp. Meidell.

Offer til Kirkens Nødhjelp. Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl. 11.00 Sportsgudst. v/rk. Norum.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:

Inge Christian Meidell

tlf. 596120

Res. kap.:

Kjell Arne Norum

tlf. 597088

Hugs måndagen er presten sin
friday!

Kontorassistenten kan treffast
på kontoret på Dale måndagar
kl 18-22, tlf. 596120.

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese